# Vosso

## *VESTLANDETS STØRSTE ELV*

***Vosso er Hordalands hovudpulsåre, aldri har ho runne meir rikeleg enn i våre dagar, og ikkje noka elv på Vestlandet er så vassrik. Auken i vassmengdene kjem hovudsakleg av kraftutbygging, med overføring av vatn frå andre vassdrag. Klimaendringar kan òg ha gjort sitt til at Vosso har meir vatn enn før.***

Med eit naturleg nedbørsfelt på nær 1500 km$^2$ er Vosso òg det mest omfangsrike vassdraget i Hordaland. Nedbørsfeltet er auka kunstig ved overføringar frå øvre delar av Steinslands- og Eksovassdraga. Det meste av overføringane skjer via Evanger kraftverk. Som følgje av kraftutbygginga er nedbørsfeltet til Vosso utvida til vel 1600 km$^2$.

Vassføringa ut av Vangsvatnet blir registrert på målestasjonen på Bulken. Dette er ein av dei eldste målestasjonane i landet i eit tilnærma uregulert vassdrag – stasjonen ligg ovanfor vassoverføringane frå utbygginga, og er såleis ikkje påverka av dei. Stasjonen har ein ubroten måleserie sidan 1891. Data herfrå har vore nytta i mange samanhengar, til dømes som typevassdrag for utrekning av variasjonar i vassføringa som følgje av eventuelle klimaendringar. Også vasstemperaturen i Vosso blir målt fleire stader.

I perioden 1961–90 auka årsmiddelvassføringa ved Bulken med 13 prosent samanlikna med avrenninga i dei føregåande 30 åra. Tilveksten har vore størst i haustmånadene. Det samsvarar godt med auken i målt nedbør, som òg har vore størst om hausten. Denne auka vassføringa heldt seg utover første del av 1990-åra, men i 1996 kom det tørraste året sidan 1960. Vassføringa dette året var litt under 1/3 av det som vart målt i det våtaste året (1990).

*Vosso mellom Evangervatnet og Bolstadfjorden. Frå vegen mot Øvstedalen.* (Helge Sunde)

*Det renn meir vatn enn i noko anna vestlandsvassdrag i Vossevassdraget. Frå Strandaelvi ved Taulen.* (Helge Sunde)

### *VANGSVATNET – 150 ÅRS KAMP MOT FLAUM*

*Hadde naturen fått råda, er det rekna ut at ein såkalla hundreårsflaum ville auka vasstanden i Vangsvatnet til 7,4 meter over normal lågvasstand. Store delar av Vossavangen ville då stått under vatn. Den største flaumen kom i oktober 1918 (Ⓣ107). Då fekk alle husa langs Vangsgata vatn i kjellarane, og prestegarden stod for det meste under vatn. I eit grisehus steig vatnet over øyro på grisane. Dei skreik i kor – koret vart høyrt, og dei slakteferdige grisane vart frakta til tørt land, flytande på flesket.*

*No er den verste flaumfaren avverja – det tronge utløpet ved Bulken er utvida. Alt i 1854 sende Søndre Bergenhus Amt den første søknaden til Kanalvesenet (NVEs forgjengar) om å få senka Vangsvatnet. Vel ti år seinare vart arbeidet påbyrja, men tiltaka viste seg å ikkje vera tilstrekkelege under store flaumar. I dei neste hundre åra vart det stadig lansert nye planar, som fekk tommelen ned. Ein var redd for at eit inngrep berre skulle skyva problema nedover i Vosso. I 1990 kom den endelege planen på bordet: Utløpsområdet ved Bulken skulle stabiliserast med ein 50 meter brei steinterskel, med ei utforming som skulle sikra at vasstanden heller ikkje vart for låg i tørrvêrsperiodar. Elveløpet nedanfor skulle utvidast og gjerast djupare ved å sprengja bort 20 000 m$^3$ fjell. Dette skulle gje plass til alt vatnet under dei verkeleg store flaumane. Planen vart gjennomført i 1991–93. Tiltaket var omstridt, og er det framleis. Ein del av uroa er knytt til kva for konsekvensar endringane kan ha for laksestamma i Vosso.*

*Prestegardsalleen under storflaumen 28. september 1917.* (Per Braaten)